



Vestre Slidre kommune
Slidrevegen 16
2966 SLIDRE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Merethe Kleiven, 61266083

Inspeksjonsrapport: Revisjon ved Røn og Vaset reinseanlegg, kontrollnummer: 2021.015.R.SFIN

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Håvard Svingen

Frå Statsforvaltaren i Innlandet:

Linn Christin Rueslåtten

Andre deltakare frå verksemda:

Lars Flaathen

Steinar Tvedt

Magne Presthegge

Einar Tvenge

Gunnar Røtvei

Andre deltakare frå Statsforvaltaren i Innlandet:

Merethe Kleiven

Anders Waldemar Olsen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Røn og Vaset reinseanlegg den 26.05.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Innlandet avdekkja 5 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvik 1. Vaset reinseanlegg reinsar ikkje avlaupsvatnet tilstrekkeleg og reinsekrava i utsleppsløyve blir ikkje overhalde. Det same avviket blei gitt på inspeksjonane i 2015 og 2018, noko som visar at dette har føregått over lang tid.

Avvik:

1. Verksemda overheld ikkje reinsekrava i utsleppsløyvet.
2. Vaset reinseanlegg tilførast for mykje avlaupsvatn.

E-postadresse:

sfinpost@statsforvaltaren.no

Sikker melding:

www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:

Postboks 987

2604 Lillehammer

Besøksadresse:

Gudbrandsdalsvegen 186,

Lillehammer

Parkgata 36, Hamar

Telefon: 61 26 60 00

www.statsforvaltaren.no/in

Org.nr. 974 761 645

3. Statsforvaltaren er ikkje varsla om 100 % overskridingar av konsentrasjonskrav for totalt fosfor, BOF₅ og KOF.
4. Miljørisikovurdering er ikkje gjennomført for Røn reinseanlegg, og miljørisikovurderinga for Vaset reinseanlegg er ikkje revidert.
5. Vestre Slidre kommune manglar planar for utskifting og vedlikehald av avlaupstekniske installasjonar, og hovudplanen for avlaup er utdatert.

Merknader:

1. Verksemda kan forbetre registrering og oppfølging av avvik

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

9. juni 2021
dato

Linn Christin Rueslåtten
kontrollør

Statsforvaltaren i Innlandet

Tore Pedersen
avdelingsdirektør

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: VESTRE SLIDRE KOMMUNE LANDBRUK, NÆRING OG TEKNISK ETAT	
Organisasjonsnr.: 974639475	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentleg administrasjon tilknytte næringsverksemd og arbeidsmarknad	

Kontrollert eining

Namn: Røn og Vaset reinseanlegg	Anleggsnr.: 3452.0005.01
Kommune: Vestre Slidre	Fylke: Innlandet
Anleggsaktivitet: Avlaupsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 19. desember 2007	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Kjemikaliar
- Prosess og reinseutstyr
- Overordna planlegging
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Vestre Slidre kommune pliktar å rette opp avika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Vestre Slidre kommune innan 1. november 2021 sender følgjande informasjon:

- For å lukke avvik 1 og 2 må det gjerast greie for kvifor Vaset reinseanlegg ikkje reinsar tilfredsstillande, kva kommunen skal gjere for å oppnå tilfredsstillande reinsing for framtida, og korleis kommunen skal auke kapasiteten på Vaset reinseanlegg.
- For å lukke avvik 3 og 4 må det sendast inn skriftleg dokumentasjon på korleis avvik er retta.
- For å lukke avvik 5 må det sendes inn ein forpliktande framdriftsplan for korleis og når hovudplanen for avlaup ska utarbeidast og ferdigstillast.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfinpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Innlandet v/Linn Christin Rueslåtten.

4. Vedtak om gebyr

Vi synar til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 20. mai 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utført av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av medgått og forventta ressursbruk må Vestre Slidre kommune betale eit gebyr på kr 101 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 4 for fleirdagstilsyn. Miljødirektoratet vil sende faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Innlandet. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Innlandet (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda overheld ikkje reinsekrava i utsleppsløyvet for Vaset reinseanlegg

Avvik frå:

Utsleppsløyve for Vaset reinseanlegg i Vestre Slidre kommune, pkt. 2.

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) §§ 14-10 og 14-13

Kommentarar:

Vaset reinseanlegg har lenge hatt problem med å overhalde reinsekrava i utsleppsløyvet, og det blei ved inspeksjonar i 2015 og 2018 gjeitt avvik for same forhold. Dei årlege eigekontrollrapportane visar at anlegget i perioden frå 2015 til 2020 ikkje har klart å overhalde reinsekrava. Det har vore problem med både totalt fosfor, BOF₅ og KOF. Dette skuldast truleg ujamn og tidvis for høg belastning av anlegget i høgsesong og ferietider som følgje av den store andelen hytter som er tilknytt anlegget. Dette var ei kjend problemstilling då anlegget blei bygd og anlegget skulle vore dimensjonert for å handtera det. Dette er førehald som Fylkesmannen i Oppland har påpekt ved tidlegare inspeksjonar, og vi ser derfor dette som eit alvorleg avvik.

Avvik 2

Vaset reinseanlegg tilførast for mykje avlaupsvatn

Avvik frå:

Utsleppsløyve for Vaset reinseanlegg i Vestre Slidre kommune pkt. 4.

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 14.10

Kommentarar:

Vaset reinseanlegg vert i periodar belasta med meir avlaupsvatn enn det som er satt som maksimal belastning i løyve. I juli 2020 tok for eksempel anlegget imot avlaupsvatten tilsvarande ein organisk belastning på 3354 pe, mens det i løyve er tillate ein belastning på 2600 pe.

Avvik 3

Statsforvaltaren er ikkje varsla om 100 % overskridingar av konsentrasjonskrav for totalt fosfor, BOF₅ og KOF.

Avvik frå:

Utsleppsløyve for Vaset reinseanlegg i Vestre Slidre kommune, pkt. 12.

Kommentarar:

I fylgje løyvet skal Statsforvaltaren varslast dersom utslepp av totalt fosfor, BOF₅ og KOF er overskride med 100 % eller meir av konsentrasjonskrava i løyve. Statsforvaltaren har ikkje motteke slike varsel frå kommunen til tross for at slike overskridingar har førekomme.

Avvik 4

Miljørisikovurdering er ikkje gjennomført for Røn reinseanlegg, og miljørisikovurderinga for Vaset reinseanlegg er ikkje revidert

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5 pkt. 6 og 8.

Kommentarar:

I fylgje Internkontrollforskrifta § 5 pkt. 6 skal kommunen ha ei skriftleg miljørisikovurdering for sine avlaupsanlegg. Miljørisikovurderinga for Vaset reinseanlegg er frå 2015 og ikkje revidert etter det, mens det for Røn reinseanlegg ikkje er utarbeida ei miljørisikovurdering. Ei miljørisikovurdering etter internkontrollforskrifta inneber at verksemda skal *kartlegge farer og problemar og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørande planar og tiltak for å redusere risikoforholdene.*

Avvik 5

Vestre Slidre kommune manglar planar for utskifting og vedlikehald av avlaupstekniske installasjonar, og hovudplanen for avlaup er utdatert

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, punkt 6.

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) §§ 14-5, 14-10.

Utsleppsløyve for Vaset reinseanlegg i Vestre Slidre kommune pkt. 3 om avløpsnett og pkt. 4 om utforming og drift av reinseanlegg.

Utsleppsløyve for Røn reinseanlegg i Vestre Slidre kommune pkt. 3 om avløpsnett og pkt. 4 om utforming og drift av reinseanlegg.

Kommentarar:

Det finst ein hovudplan for vatten og avlaup som sist blei revidert i 2000. Ved tilsyn i 2018 blei det også påpeikt at ein slik plan bør reviderast jamleg slik at den til ein kvar tid er oppdatert og aktuell. Det er viktig at kommunen sørger for ein heilskapleg planlegging av avlaupsområdet, spesielt med tanke på planane for utbygging av fleire hytter i Vaset området og utbygging av det kommunale avlaupsnettet tilknytt Vaset reinseanlegg.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Verksemda kan forbetre registrering og oppfølging av avvik

Kommentarar:

Kommunen har eit avvikshandteringssystem som er egna for oppfølging av avvik knytt til ytre miljø, men ikkje alle slike avvik registrerast. Overskridingar av reinsekrav er eksempel på avvik som ikkje registrerast i avvikshandteringssystemet. Verksemda bør gå igjennom rutiane sine for å sikre at alle avvik knytt til ytre miljø blir tilstrekkeleg fylgt opp. Det er då viktig at alle tilsette har same oppfatning av kva som definerast som avvik.

8. Andre forhold

Auka påslepp til Vaset RA

Ein føresetnad for å auke belastning på eit reinseanlegg er at reinseanlegget har ledig kapasitet, og at det reinsar tilfredsstillande og i tråd med vilkår i utsleppsløyve. Dette har betydning for Vestre Slidre kommune på fleire måtar. Det eine er at så lenge Vaset RA ikkje overheld utsleppskrava er utsleppet av avlaupsvatn eit ulovleg forhold, og alle nye påslepp til reinseanlegget vil sjåast på som forsetteleg brot på utsleppsløyvet. Dette kan vere straffbart etter forureiningslova § 78.

Det andre er at slike forhold ved reinseanlegget har betydning for kommunens bruk av plan- og bygningslova § 27-2. Når kommunen brukar denne paragrafen for å krevje tilknytning til eit kommunalt avløpssystem er det ein føresetnad at ein god avløpsløyving er etablert. Ein god avløpsløyving er ei løyving som ikkje er i brot med forureiningsregelverket. Dette inneber at kommunen ikkje kan bruke § 27-2 til å krevje tilknytning av nye bustadar eller fritidsbustadar der avlaupet skal førast til Vaset RA. Når det også er sånn at byggeløyve ikkje kan gis før god avlaupsløyving er etablert vil kommunen i praksis måtte innføre byggjestopp dersom ein ikkje klarar å auke kapasiteten og løyse reinseproblema ved Vaset RA. Vi gjer oppmerksom på at dette ikkje inneber at kommunen må stanse planlegging av nye tilknytningar gjennom nye reguleringsplanar, men at ein må vere klar over dette når det søkast om og skal behandlast byggeløyve for nye enkelthus/hytter.

Resipientovervaking

Resipienten, Sundheimselvi, har totalt sett god økologisk status. Denne statusen er basert på resultat frå alle målestasjonane i elva. Om ein ser meir spesifikt på målestasjonane oppstrøms og nedstrøms utsleppspunktet frå Vaset reinseanlegg får man ein meir detaljert oversikt over utsleppets påverknad på resipienten. Målestasjonen oppstrøms utsleppspunktet visar god til svært god økologisk status for totalt fosfor, totalt nitrogen og ammonium. For målestasjonen nedstrøms er resultatane meir varierende og tidvis svært dårleg. For eksempel var tilstanden for total nitrogen og ammonium i august 2016 klassa som svært dårleg, og i 2017 var den moderat.

Kommunen er medlem i vannområde Valdres, og bidreg gjennom dette til resipientovervaking i Valdres. Men ettersom Sundheimselvi tidvis ser ut til å være negativt påverka av utsleppa frå Vaset reinseanlegg er det antakeleg behov for ein meir intensiv overvaking enn det som gjerast i dag. Det vil kome nye/endra krav til resipientovervaking i dei nye utsleppsløyva, og Statsforvaltaren jobbar med eit felles brev til kommunane med meir detaljar om desse krava. Vi meiner at så lengje Vaset reinseanlegg ikkje reinar tilstrekkeleg bra og det er påvis ein negativ påverking av Sundheimselvi på målepunkt nedstrøms utsleppspunkt bør kommunen vurdere om dei kan iverksette ei utvida prøvetaking i elva. Kommunen bør også vurdere om det finst midlertidige tiltak som kan bremse den negative påverkinga av resipienten. Det er lite truleg at ein klarar å betre forholda før ein har fått til ein stabil god reinseprosess i Vaset RA, men kommunen bør begynne å sjå på moglegheiter.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Organisasjonskart for Teknisk drift, Vestre Slidre
- Stillingsinstruks
- Instruksar kommunale avløpsanlegg – Innhald
- Prosess reinseanlegg Vestre Slidre
 - Prosessflyt Røn reinseanlegg – Trinn 1
 - Prosessflyt Røn reinseanlegg – Trinn 2
 - Prosessflyt Vaset reinseanlegg
- Målesystem for utslippskontroll
- Hovudplan avløp, juli 2000
- Hovudplan VA, Vaset-Syndin 24.04.20
- System for avvikshandtering
- Miljøriskovurdering 2015 Vaset reinseanlegg og leidningsnett.

10. Innformasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)